



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Samarbeidsavtale mellom

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
og
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Bakgrunn og føremålet

Fylkesmannen og fylkeskommunen har fleire samanfallande målsetjingar og ansvarsområde som med fordel bør koordinerast. Føremålet med denne avtalen er å medverke til ei best mogleg samhandling for å nå overordna mål og gjensidig utnytting av felles ressursar og kompetanse.

Rammer og samarbeidsområde

Dei ytre rammene for avtalen er:

- gjeldande statleg politikk, slik det kjem fram av statsbudsjettet og andre styringsdokument, m.a. tildelingsbrev og embetsoppdrag frå overordna departement til Fylkesmannen
- gjeldande fylkeskommunal politikk, slik denne kjem til uttrykk både i fylkestinget sine vedtak og i vedtak gjorde av underliggjande organ

Samarbeidet gjeld strategiske problemstillingar knytt til ulike tema og fagområde. Den øvste leiinga hjå Fylkesmannen og fylkeskommunen møtest med jamne mellomrom (4 – 6 gangar pr. år) for drøfting av overordna og strategiske tema. På møta vert det ved behov teke opp konkrete og dagsaktuelle saker som treng oppfølging eller forankring. Det vert sett opp sakliste og ført referat frå desse drøftingsmøta.

På administrativt leiarnivå kan det utarbeidast eigne samarbeidsavtaler innan ulike tema.

Avtaleperiode og finansiering

Avtalen erstattar tidlegare samarbeidsavtale, og gjeld fram til 1.1.2019.

Hovudregelen er at partane dekkjer eigne arbeids- og reisekostnader for samarbeid og satsingar som er forankra i respektive styringsdokument og tildelingar. På nokre konkrete og avgrensa område kan det vere aktuelt å leige fagkompetanse hjå kvarandre. I slike tilfelle skal omfang, periode og økonomiske rammer konkretiserast i dei detaljerte samarbeidsavtalane.

Leikanger 31.03.17

Anne Karin Hamre

Anne Karin Hamre
fylkesmann

Jenny Følling

Jenny O. Følling
fylkesordførar